



Arkivnr: 2018/12901-28

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019

Øyremerking av tilskotsmidlar - Lyssetjing av bergkunst i Kvam herad

Samandrag

På Vangdal i Kvam herad ligg det ein større bergkunstlokalitet tett ved ein rasteplass ved Nasjonal turistveg Hardanger. Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam herad og grunneigar samarbeider om eit prosjekt for lyssetjing av bergkunsten for å leggja denne betre til rette for publikum. Ved å bruka skråstilt lys kjem bergkunsten tydeleg fram på ein måte som er visuelt spennande og skånsam for kulturminnet. Prosjektet vil skilja seg ut som noko unikt i Hordaland, og det er få tilsvarande prosjekt på landsbasis.

Riksantikvaren har to bevaringsprogram knytt til tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne; Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) og Bevaringsprogram for bergkunst (BERG). Bergkunst har sitt eige bevaringsprogram ettersom denne typen kulturminne er meir sårbar og gjerne har større trong til fagkunnskap ved skjøtsel, men potensialet for formidling og oppleving og det lokale engasjementet og samarbeidet er like stort i dette prosjektet som i prosjekt gjennom BARK for andre typar arkeologiske kulturminne. Ved søknad til Riksantikvaren for tilskot gjennom BARK eller BERG vil fylkeskommunale midlar løyse ut tilsvarande sum i statlege midlar. I sak PS 95/2015 vedtok fylkestinget å setje av kr 200.000,- til arbeidet med BARK. For 2019 er dette redusert til kr 100.000,- av omsyn til budsjettinnsparingar.

I desember 2018 handsama Utval for kultur, idrett og regional utvikling sak PS 154/2018 om øyremerking av tilskotsmidlar til prosjekt lyssetjing av bergkunst på Vangdal. Denne saka er ei oppfølging av tidlegare sak. Prosjektet er i gong og for å sikra handlefridom i høve til uforutsette utgifter og ta høgde for endringar i budsjettet, er det no naudsynt å setje av ytterlegare midlar til arbeidet. Tilskotet vil verte nytta til utgifter i prosjektet knytt til mellom anna avfallshandtering av gamal rampe/publikumsplattform og etablering av ny publikumsplattform. Fylkesrådmannen vil tilrå at eventuelle restmidlar som ikkje er naudsynt for ferdigstilling av prosjektet kan disponerast av administrasjonen til tilsvarande prosjekt innan temaet «tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne». Administrasjonen vil fremja ei meldingssak til KIRU ved ferdigstilling av prosjektet.

Tidlegare sak er vedlagt til informasjon.

Generelt	
Budsjett 2019	100.000,-
Vedtatt budsjettmidlar	PS 95/2015 i Fylkestinget
Søknadsfrist	Ikkje relevant
Tal prosjekt som er tilrådd stønad	1 prosjekt

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling omdisponerer kr 100.000,- over budsjettpost 400.650. «Tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» til prosjekt som kan søkja statleg tilskot gjennom bevaringsprogram for bergkunst – BERG.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 100.000,- over budsjettpost 400.650. «Tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» til prosjekt for lyssetjing av bergkunst på Vangdal i Kvam herad.
3. Tildelte tilskotsmidlar kr 100.000,- til prosjektet bergkunst på Vangdal vert berre nytta dersom dette er naudsynt. Eventuelle restmidlar kan disponerast av administrasjonen til tilsvarande prosjekt innan temaet «tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne».
4. Når prosjekt lyssetjing av bergkunst på Vangdal er ferdigstilt vil administrasjonen fremja ei meldingssak til KIRU om prosjektet. I saka vil administrasjonen òg gjera greie for bruken av eventuelle restmidlar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 PS 154/2018 Øyremerking av tilskotsmidlar - Lyssetjing av bergkunst i Kvam herad

Fylkesrådmannen, 29.05.2019

På Vangdal i Kvam herad ligg det ein bergkunstlokalitet med ristningar frå steinalder og bronsealder. Lokaliteten ligg tett ved Nasjonal turistveg Hardanger Fv. 49 og stien ned til kulturminnet går frå ein rasteplass ved turistvegen. Bergkunsten vart lagt til rette for publikum på 1990-talet, men denne tilrettelegginga er no slitt og lite eigna. I samband med opprusting av rasteplassen inviterte Statens vegvesen til eit samarbeidsprosjekt for betre formidling av kulturminnet. Universitetsmuseet i Bergen har gjennomført eit forprosjekt for lyssetjing av bergkunsten, og føremålet med prosjektet er å rusta opp tilrettelegginga og synleggjera bergkunsten for publikum gjennom å bruka farga lys.

Saka er ei oppfølging av tidlegare sak. Prosjektet er meir detaljert skildra i vedlagt tidlegare sak.

Det er god framdrift i prosjektet, og godt samarbeid mellom partane. Hordaland fylkeskommune samarbeider med Kvam herad og grunneigar om utarbeiding av driftsavtalar for anlegget. Prosjektet har ei kostnadsramme på kring 1,4 millionar. Av dette har Hordaland fylkeskommune tidlegare løyvd kr 200.000,-. Denne summen vart nytta som eigeninnsats i ein søknad til Riksantikvaren, som har løyvd kr 400.000,- over statsbudsjettet til prosjektet. Hordaland fylkeskommune si løyving av midlar vil ikkje denne gongen løysa ut ytterlegare statlege midlar ettersom prosjektet vil vera ferdigstilt før neste søknadsrunde. Det er likevel stor del statlege midlar i prosjektet og store delar av prosjektet er finansiert av Statens vegvesen. Hordaland fylkeskommune si løyving totalt sett er under 50% av kostnaden i prosjektet.

Einskilde utgifter vart ikkje tatt høgde for i budsjetteringa av prosjektet. Fjerning av eldre rampe/publikumsplattform vil ha ein kostnad på 35.000,-. Kvam herad har søkt om kr 30.000,- gjennom Sparebankstiftinga Hardanger. Dersom kommunen ikkje får tilsegn om tilskot via denne ordninga må denne summen dekkast inn på anna vis. Det er naudsynt å ha økonomisk handlefridom til å kunne dekkja desse utgiftspostane og eventuelle andre uforutsette utgifter dersom det er påkrevd. Tilskotsmidla vert berre nytta dersom dette er naudsynt for å gjennomføra prosjektet på ein god måte.

Hordaland fylkeskommune har mottatt til saman seks søknader om tilskot gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) for 2019. Samtlege søknader vart handsama av KIRU og vedtatt sendt vidare til Riksantikvaren i PS 155/2018. Fem av seks omsøkte prosjekt fekk tilsegn om den fulle søknadssummen og er med det fullfinansiert. Det sjette prosjektet fekk ikkje tilsegn om midlar ettersom prosjektet ikkje var godt nok skildra eller utvikla. Dette prosjektet fekk avslag, men vart tilrådd å søkja igjen ved neste søknadsrunde. Det er slik ingen andre prosjekt som er aktuelle for tildeling av tilskotet sett av gjennom budsjettet til Hordaland fylkeskommune.

Prosjektet for lyssetjing av bergkunsten på Vangdal er viktig å gjennomføra på ein god måte. Dette er eit prosjekt med relativt sett høg kostnadsramme samanlikna med andre prosjekt for tilrettelegging og formidling av kulturminne i Hordaland. Tilknyttinga til Nasjonal Turistveg gjer det særleg viktig at kvaliteten på tilrettelegginga er høg, og at ein ikkje vel mindre eigna løysingar i sluttfasa av prosjektet for å redusera kostnaden. Samarbeidet med andre aktørar i prosjektet er svært godt, og målet er gjennomføring av prosjektet i 2019.

Fylkesrådmannen vil tilrå at tilskotet på kr 100.000,- som er satt av over budsjettpost 400.650 som «tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» vert omdisponert og øymerka prosjekt lyssetjing av bergkunst på Vangdal. Tilskotet vil verte nytta til utgifter i prosjektet knytt til mellom anna avfallshandtering av gamal rampe/publikumsplattform og etablering av ny publikumsplattform. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Statens vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam herad og grunneigar. Fylkesrådmannen vil tilrå at eventuelle restmidlar som ikkje er naudsynt for ferdigstilling av prosjektet kan disponerast av administrasjonen til tilsvarande prosjekt innan temaet «tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne». Administrasjonen vil fremja ei meldings sak til KIRU ved ferdigstilling av prosjektet.